



Til NGIR sine eigarkommunar:

*Austrheim kommune*

*Fedje kommune*

*Gulen kommune*

*Lindås kommune*

*Masfjorden kommune*

*Meland kommune*

*Modalen kommune*

*Radøy kommune*

*Solund kommune*

Kjekkdalen, 06.05.19

## **Endring av NGIR sin selskapsavtale**

Eg viser til tidlegare brev om saka, dagsett 04.03.19.

I det utsendte framlegg til endring av NGIR sin selskapsavtale var det m.a. føresleget at låneramma til selskapet skulle verta auka frå 40 millionar kroner til 80 millionar kroner (§ 24 i selskapsavtalen). Det var, i samsvar med IKS-lova, lagt opp til at eigarkommunane (og ikkje representantskapet i NGIR) skulle gjera vedtak om dette.

I § 33 i NGIR sin selskapsavtale er det lista opp kva paragrafar NGIR sitt representantskap kan endra med 2/3 fleirtal, og kva paragrafar som berre kan endrast etter godkjenning frå alle medlemskommunane. I denne opplistinga har dverre ikkje § 24 (Låneopptak) vore med. Dette er det no ynskjeleg å korrigera.

NGIR ber dei kommunane som enno ikkje har handsama saka om endring av NGIR sin selskapsavtale om å nytta vedlagde, korrigerte dokument i den vidare sakshandsaminga.

For dei kommunane som allereie har handsama saka, vil NGIR be om aksept for at korrigeringa vert ført inn i gjeldande selskapsavtale frå 01.01.2020. Alternativet er at kommunestyret gjer nytt vedtak i saka.

NGIR seier seg lei for dei ulempene som dette evt. fører med seg for sakshandsaminga. Samstundes vil NGIR takka for vakent innspel om feilen, slik at selskapsavtalen no kan verta korrigert.

Viss det er ynskje om ytterlegare informasjon, ta gjerne kontakt med underteikna på [hilde.lyso@ngir.no](mailto:hilde.lyso@ngir.no).

Med venleg helsing



Hilde Lysø  
Seniorrådgjevar

- Vedlegg:**
- Framlegg til endringar i NGIR sin selskapsavtale*
  - Framlegg til revidert selskapsavtale for NGIR, gjeldande frå 01.01.2020*
  - Gjeldande selskapsavtale for NGIR, revidert av representantskapet 29.10.18*
  - Utdrag frå «Kommentarer til bestemmelsene i lov om interkommunale selskaper – Låneramme»*